

MØTEBOK - 19.11.2009 - KOMMUNESTYRET

Møtestad: Tingsalen	Møtedato: 19.11.09	Frå kl.: 1300	Til kl.: 16.30
Møteleiar:	Ordførar Olav Lunden		
Møteinncalling: (kunngjering):	Sendt representantar og vararepresentantar 12.11.09 Kunngjort på kommunen si heimeside 12.11.09 og i Sogn Avis 14.11.09 .		
Representantar som er borte:	Tobias Dahle		
Vararepresentantar som er til stades:	Geir Morten Skorpen		
Til stades:	I alt: 17	Av desse 1 vararepresentant	
	Merknader: Astri Taklo fekk permisjon frå møtet frå kl 15.25. Steinar Fredheim fekk permisjon frå møtet frå kl 16.15		
Andre frammøtte:	Rådmann Odd Arve Rakstad Nærings- og utviklingssjef Per Holen Oppvekst- og omsorgssjef Gunnar Steine Pedagogisk konsulent Jorunn Nytingnes Rådgivar Ingunn Broch Hauge		
Saker som vart handsama:	Sak nr./år (f.o.m.-t.o.m.): 45/09 – 48/09		
Merknader til møteboka:			
Vi stadfestar med underskriftene våre at vedtaka er ført i samsvar med det som vart fastsett i møtet:	Olav Lunden (sign.) Arild Fossøy (sign.) Edith V. Eggum (sign.)		

MØTEPROTOKOLL

Kommunestyret

Møtestad: **Tingsalen**

Møtedato: **19.11.2009** Tid: **13:00**

SAKLISTE:

Sak nr.	Arkivsak nr.	Tittel
45/09	09/526	Økonomiplan 2010 - 2013
46/09	09/569	Satsar for utleige av kommunale bygg
47/09	09/596	Opparbeiding av sentrums plass i Hermansverk
48/09	09/598	Orienteringar

45/09

Økonomiplan 2010 - 2013

HANDSAMING:

Orientering ved rådmann, oppvekst- og omsorgssjef og nærings- og utviklingssjef. Ordfører gjekk gjennom kapittel for kapittel i utkastet til økonomiplan, representantane stilte spørsmål til administrasjonen.

VEDTAKET lyder etter dette slik, samr.:

Kommunestyret tek saka til orientering.

46/09

Satsar for utleige av kommunale bygg

Kommunestyre sitt VEDTAK, samr.

Leikanger kommunestyre fastset desse leigesatsane frå 1.januar 2010:

Leikanger hallen:

<i>SYRIL, etter timeplan godkjend av kommunen</i>	<i>kr. 140.000 pr. år</i>
<i>Hall 1, 2 eller 3</i>	<i>kr. 150 pr. time</i>
<i>Heile hallen (1+2+3)</i>	<i>kr. 400 pr. time</i>
<i>Hall 1, 2 eller 3 for personar under 16 år</i>	<i>kr. 100 pr. time</i>
<i>Klatrevegg</i>	<i>kr. 150 pr. time</i>
<i>Undervisnings-/møterom</i>	<i>kr. 100 pr. time</i>
<i>Kultursal</i>	<i>kr. 300 pr. time</i>
<i>Ferdig rigga scene i tillegg</i>	<i>kr. 300 pr. bruk</i>

Ungdomsskulen:

<i>Gymnastikksal</i>	<i>kr. 150 pr. time</i>
<i>Gymsal m/kjøken/festgarderobe</i>	<i>kr. 500 pr. bruk</i>

Andre bygg:

<i>Mediateket i barneskulen</i>	<i>kr. 300 pr. bruk</i>
<i>Biblioteket</i>	<i>kr. 300 pr. bruk</i>
<i>Torget på sjukeheimen</i>	<i>kr. 500 pr. bruk</i>
<i>Kantina i Tinghus I</i>	<i>kr. 1000 pr. bruk</i>

<i>Barnehagane</i>	<i>kr. 500 pr. bruk</i>
--------------------	-------------------------

Bruk av garderobane inngår i satsane for leige av hall, klatrevegg, kultursal og gymnastikksal. Bruk av kjøken med utstyr inngår i satsane for leige av kantina og barnehagane.

47/09

Opparbeiding av sentrums plass i Hermansverk

HANDSAMING:

Samrøystes vedteke i samsvar med rådmann si tilråding med denne endringa i første setningen i pkt.4: ” – for tilkomst til Skald Eigedom, før anlegget vert sett i gang.”

VEDTAKET lyder etter dette slik, samr.

- 1. Leikanger kommunestyre godkjenner sentrumsgruppa sitt framlegg til detaljplan.
Arbeidet med opparbeiding av Sentrumsplassen blir sett i gang i samsvar med planen, fase 1 A og 1 B.**
- 2. Investeringsramma blir sett til kr 3 500.000 med slik dekningsmåte:**

Leikanger kommune – eksterne lånemidler	kr 1 750.000
Fylkeskommunen – tilskot tettstadmidlar	kr 1 500.000
Næringsverksemdar – tilskot	<u>kr 250.000</u>
	kr 3 500 000

Refundert m.v.a inngår som del av finansieringa av anlegget.
- 3. Byggeprosjektet blir lyst som totalentreprise så snart som mogeleg.
Byggearbeida kan starte opp innanfor vedteken kostnadsramme.
Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med entreprenør og oppnemning av byggeleiar.**
- 4. Kommunestyret føreset at det blir gjort endeleg avklaring med Statens vegvesen om avkøyring frå riksveg for varelevering og drosjetrafikk til Skald før anlegget blir sett i gang.
Slik avklaring skal også ligge innanfor reglane om ”mindre vesentleg endringar” i høve gjeldande reguleringsplan.**

48/09

Orienteringar

TEMA:

1. Presentasjon av "Rusundersøking – ungdom" v/J T Thue
2. Arbeidet i ungdomsrådet, orientering ved leiar Kristian Slinde
3. Arbeidet med energi- og klimaplan, orientering ved leiar i arbeidsgruppa Liv Bulling
4. Brev av 18.11.09 frå fylkesmannen om lovlegkontroll av sak 39/09 i kommunestyret: Ny handsaming av konsesjonssøknad til kraftutbygging. Ordførar orienterte om at han forhold seg no til at vedtaket i sak 39/09 av 24.09.09 er gjeldande og vil fylgja opp saka slik:
 - Det vert kalla inn til møte i forhandlingsutvalet der ein vert samde om forhandlingsmandatet. Dette vert lagt fram for kommunestyret til godkjenning.
 - Leikanger kommune ber om nye forhandlingar med Sognekraft så snart råd er etter godkjent forhandlingsmandat.
 - Forhandlingsutvalet må ha juridisk kompetanse og det vert teke kontakt med advokatfirma Lund & Co for bistand.
 - Etter avslutta forhandlingar vert saka lagt fram for kommunestyret til endeleg handsaming.